



Retningslinjer for boreboltar og andre faste forankringar.

Sunnmørsk Klatreklubb støttar seg til Noregs Klatreforbund sine retningslinjer for bruk av boreboltar og andre faste forankringar, og tek sikte på å vere eit rådgivande organ ved eventuelle kontroversielle saker. Dersom nokon har tankar om å bolte noko i Sunnmørsalpane som kan tenkast å vere kontroversielt, bør ein melde dette inn som drøftingssak til SKK *før* ein boltar. SKK tek opp den innmelde saka til drøfting i styremøte og kjem med ei tilråding. Gjennom ein slik prosess kan ein sikre brei semje om prosjektet. Idemakaren får sjølv ta stilling til kva han vil gjere vidare, i lys av tilrådinga frå SKK.

1: Sunnmørsk Klatreklubb skal i størst mogleg grad etterleve ideal om sporlaus ferdsel, og halde tekniske inngrep på eit minimum. SKK sine medlemmer ser det også som eit kollektivt ansvar å rydde opp i fjellet som t.d. gamle rappelslynger.

2: Ruter og klatrefelt kan under enkelte omstende sikrast med faste forankringar, som sikringstiltak eller aktivitetsfremjande når:

1. Nye felt og nye linjer av høg kvalitet ikkje kan sikrast på anna måte.
2. Bruken av feltet er stort, slik at teknisk tilrettelegging kan redusere konflikter og vere til beste for klatrarar ,andre brukarar og naturområdet som heilskap.

3: Ruter som kan sikrast naturleg, skal som hovudregel ikkje boltast. Unntak kan gjerast for miksruter der ruta sine særmerker ikkje vert øydelagt av heilbolting. Vinterruter varierer frå år til år og vil kunne vere moglege å sikre naturleg under andre forhold.

4: Normalt skal det ikkje boltast i fjellet (alpine forhold) eller i etablerte felt for naturleg sikra klatring. Unntak kan gjerast for rappellruter på mykje trafikkerte fjell og ruter der dette vil gagne tryggleik og estetikk (oppdydding). Eventuell bolting av ruter over fleire taulengder må bygge på spesielt grundige vurderingar av forhold, tryggleik og tradisjon.

5: Lokale tradisjonar og rutene si bestigningshistorie skal takast omsyn til, særleg etablerte skiljelinjer mellom felt for naturleg sikra klatring og klatring på faste forankringar.

6: Bolteprosjekt skal ikkje gjennomførast der det kjem i konflikt med vernetiltak, artsfreding, andre viktige naturvernomsyn eller ynskje frå lokalt klatremiljø.

7: SKK vil normalt berre støtte bolting av felt som med stort sannsyn vert brukt i lang tid. Kvaliteten på boltane skal vere av kvalitet etter nasjonal standard.

8: Det vil vere føremålsteneleg at alt som vert bolta i Volda og Ørsta kommunar vert innrapportert til SKK, for å unngå "herrelause felt", og dermed auke tryggleiken.

9: Som klatrar skal ein rapportere alle dårlege boltar som kan vere farlege til SKK. Difor skal boltar vere plasserte slik at dei er lette å fjerne og vedlikehalde. Ein utrygg bolt er ditt ansvar fram til den er rapportert.

10: Sjå NKF sine retningslinjer for bolting, eller ta kontakt med styret i SKK for nærare rådføring om bolting på Søre Sunnmøre.

11: SKK sitt bolteutstyr lånast kun ut til medlemmer av SKK.

12: Før utlevering av utstyr skal plan for bolting godkjennast av bolteansvarleg. Den som boltar har ansvar for å sikre at grunneigaravtalar for det aktuelle området er innhenta. Etter fullført bolting pliktar ein å rapportere om eventuelle avvik frå planen.

13: Dei som skal nytte SKK sitt bolteutstyr må vere kjent med innhaldet i "Håndbok for utvikling av klatrefelt og klatrefører" utgitt av NKF i 2006.

14: Dei som låner SKK sitt bolteutstyr skal ha gått NKF sitt boltekurs eller ha kunnskap tilsvarande innhaldet i dette kurset.

15: Slitasje, skadar eller manglar på utstyret skal rapporterast til bolteansvarleg etter bruk.

Revidert og vedteke på SKK sitt årsmøte 28. mars 2023